



Lars Øyvind Hillestad
Alvervegen 37 B
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2740 - 17/32148

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammar
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:
10.11.2017

Gbnr 137/20 Alver - Svar på søknad om konsesjon for kjøp av parsell på 14200 m2 - Lars Øyvind Hillestad

Syner til søknad motteke 6.september 2017.11.10

Dokument i saka :
Søknad om konsesjon

Saka gjeld :

Lars Øyvind Hillestad har inngått kjøpsavtale med eigar av gbnr 137/20 Alver, Heine Alvær Heggernes, om kjøp av ein teig (14200 m2) som tilleggsjord til Hillestad sin tilgrensande landbrukseigedom gbnr 137/2,19. Formålet med kjøpet er å sikra rasjonell landbruksdrift og utbetre arealet ved jordpåfylling/jordtipp. Den 14,2 dekar store teigen består av 6,9 dekar skogsmark, 6,9 dekar innmarksbeite og 0,4 dekar uproduktiv skog.

Kjøpesum er kr 200.000,-

Landbrukseigedom gbnr 137/2,19 :

Gbnr 137/2,19 er totalt 186,3 dekar. Av dette er 41 dekar fulldyrka- og overflatedyrka jord. 28,5 dekar innmarksbeite, 92 dekar skog og dei restande 25 dekar er anna utmark, tun og vegar. Det er våningshus og driftsbygningar på eigedommen. Det er hjorteoppdrett med eige slakteri og kjøkken for vidareforedling av hjortekjøttet. Det er vidare mottak av jord- og steinmassar på garden for å betra og utvida innmarka.





Lovverk :

Saka skal behandlast etter konsesjonslova §§§ 1,9 og 9a

Då det aktuelle arealet skal nyttast til landbruksføremål skal saka handsamast etter 9 og 9a i konsesjonslova:

Ved avgjersle av søknad om konsesjon for kjøp av eigedom som skal nyttast til landbruksformål skal det leggjast særlig vekt på:

- om kjøpar sitt formål vil ivareta omsynet til busetting i området

- om kjøpet innebær ei driftsmessig god løysing
- om kjøpar er skikka til å driva eignedomen
- om kjøpet ivaretek omsynet til heilheitleg ressursforvaltning og kulturlandskap.

§ 9a seier at i saker der ein ubebygd, eigedom som ikkje er rein skogeigedom, som skal nyttast til landbruk skal det leggjast særleg vekt på om den avtalte prisen på tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling.

Vurdering :

Arealet er ubebygd og påverkar såleis ikkje busettinga i området.

Det er ynskjeleg med større og meir rasjonelle teigar med tanke på tilkomst/vegbygging, gjerdehald, mindre flytting på dyr m.m. Vidare vil det bli langt betre arrondering av innmarka ved kjøpet av den aktuelle teigen. Av den grunn innbær kjøpet ei sær s god driftsmessig løysing.

Kjøpar har lang erfaring frå landbruksdrift på garden sin og er såleis godt skikka til å overta teigen og driva den vidare.

Kjøpesummen på kr 200.000 synest noko høg og ligg langt over normal prising av utmark og innmarksbeite. Normal prising er ca kr 1000 - 2000 pr dekar. I dette tilfellet skuldast den høge kjøpesummen verdien av veiar og store arronderingsmessig verdi knytta til mottak av jord- og steinmassar på garden . Dersom kjøpar ikkje kunne nytta det aktuelle arealet hadde dette nesten delt eignedomen hans i to delar og det hadde vorte vanskelegare for tilkomsten til den nordlegaste delen av eignedomen.

Vedtak:

Lindås kommune gjev Lars Øyvind Hillestad konsesjon for kjøp av den 14200 m2 store «utmarksteigen» på gbnr 137/20. Kjøpesummen er kr 200.000,- Eit vilkår for kjøpet er at arealet vert samanføydd med gbnr 137/2. Vedtaket har heimel i §§§ 1, 9 og 9a i konsesjonslova.

Sakshandsamingsgebyr : Det vert sendt faktura til søker på kr 2000,- jfr gjeldande gebyrregulativ.

Med helsing

Kjartan Nyhammar
landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Heine Alvær Heggernes
Lars Øyvind Hillestad

Vetåsvegen 117 5938
Alvervegen 37 B 5911

SÆBØVÅGEN
ALVERSUND